

Haustetidsvurderingar av eple i veke 39, måndag 21. sept.

Summerred er stort sett ferdighausta og Gravenstein er under hausting. I tidlege Aromafelt er klart til utplukking ut i denne veka når grunnfargen er på plass. I seinare felt må Aroma hange på enno ei stund.

Raud Gravenstein

Det er teke ut ei prøve med Raud Gravenstein frå felt som hadde litt å gå på ved forrige prøveuttak. Enno er ein god del stive att, men frukta har mjukna og sukkerinnhaldet er høgt. Grunnfargen er skifta til lys gul og dekkfargen er på plass. Epla kan starthaustast.

Raud Gravenstein			Rettl.	Til Bama*
Dyrkar	ET Rake			
Adresse	Loen			
Dato	14.09.2020	21.09.2020		
Fruktvekt	230	251		
Avling	1 til 2	1 til 2		
Fastleik	7,6	7,4	7,0-8,0	6,0-7,0
Ref	11,9	12,2	10,8	10,8
Stive	2,8	3,9	5,0-7,0	
Streif	0,228	0,155	0,09-0,16	

*50 % dekkfarge og lys gul grunnfarge C3-C4



Lite frukt på trea gjev store eple. Dekkfargen er blitt jamnare siste veka. Stiveinnhaldet minkar og frukta har høgt sukkerinnhald. Haust frukta etter grunnfargen som skal vere lys gul, jfr C3 på fargevifta.



Makkestikk i R Gravenstein. Ein ser litt stikk av rognebærmøll også i hagar som er sprøyta med Calypso og Coragen, spesielt i Gravenstein og Aroma. I epla på bilete har makken gått inn, men i enkelte tilfelle viser kun eit utvendig stikk, utan larvegangar i epla.

Raud Aroma

Stivenedbrytinga har gått raskt i Aroma siste veka, 6 av 7 prøvar er no komne i optimalområdet for stiveinnhald, og 3 av prøvane er komne over. Alle prøvar ligg i optimalområdet for fruktfastleik. Dekkfargen på Fagravoll er blitt friskare raud og fått betre metning. MEN: Grunnfargen manglar enno i mange av felta. Tidlege felt kan plukkast over mot slutten av veka, seinare felt bør hange på til over helga.

Optimalverdiar ved hausting:

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50% (vanleg Aroma 30 %)

Fastleik: 6-8 kg/cm²

Brix: 11,2 %

Stive: 4-6

Streifindeks: 0,09-0,20

R Aroma

Dyrkar	E. Hamre		K O Loen		K Kleppe	K Strand	GA Vereide	B Tystad	J Slagstad
Adresse	Sandane		Loen		Innvik	Loen	Sandane		
Dato	14.09.2020	21.09.2020	14.09.2020	21.09.2020	21.09.2020	21.09.2020	21.09.2020	21.09.2020	21.09.2020
Klon	Fagravoll	Fagravoll	Fagravoll	Fagravoll	Fagravoll	Fagravoll	Ylvisåker	Fagravoll	Ylvisåker
Prøve nr		1.		2.	3	4	5	6	7
Fruktvekt	187	212	179	188	187	188	185	169	179
Avling	2 til 3	2 til 3	1 til 3	1 til 3	1 til 2	2 til 3	2 til 3	1 til 2	2 til 3
Fastleik	6,5	6,3	7,4	7,1	6,8	7	7,3	7,8	7,5
Ref	12,2	12,6	11,3	12	11,7	11,6	13,1	12,6	12,4
Stive	3,4	7	3	5,8	6,9	6,4	4,2	4,2	3,2
Streif	0,158	0,071	0,219	0,102	0,085	0,093	0,133	0,148	0,19

Prøve 1: ungt felt



Denne prøva er komen lågast i streifverdi og med stiveverdi på 7 og fastleik på 6,3 må plukkinga kome i gang ein av fyrste dagane. Frukta må plukkast etter grunnfargen som skal vere lys gul, sjå bilete t.v. med fargevifta. Høgt sukkerinnhald vil gje god smak på frukta.

Prøve 2: ungt felt



Prøve nr 2 har også låg streifverdi og komen langt i stivenedbryting, men har framleis enkelteple med mykje stive att. Fastleiken er høgare, så starthasting kan strekkast nokre dagar. Plukking etter gul grunnfarge vil gje jamnast kvalitet.

Prøve 3: ungt felt



Stivenedbrytinga er komen langt og epla har mjukna. Plukking av frukta etter grunnfarge vil gje den jamnaste kvaliteten. Haustestart komande helg.

Prøve 4:




Prøve nr 4 er og komen i optimalområdet for alle haustetidskriterie og med lys gul grunnfarge på plass kan feltet starthaustast framover mot komande helg.

Prøve 5:



Frukta har enno bra med stive att i denne hagen, men nokre eple er komne langt i nedbrytinga. Fastleik på 7,3 er i optimalområdet og frukta har høgt sukkerinnhald. Fargeutviklinga vil bli enno betre når den får hange på fram til helga.

Prøve 6: ungt felt



Frukta er enno fast og har bra med stive att. Streifindeksen er i optimalområdet, men utsett plukking til over komande helg vil gje friskare raud dekkfarge og lysare grunnfarge.

Prøve 7:



Her har klon Ylvisåker utvikla ein frisk raud dekkfarge og grunnfargen er på veg. Men dekkfargen vil bli jamnare med mindre striper og grunnfargen blir lysare når frukta får hange på. Enno er det mykje stive att og frukta er enno bra fast. Kan hange på til over komande helg.



Raud Aroma med feil, t.v begerrôte som gjev den skinande raude dekkfargen. Sorter vekk slike eple under hausting. T.h. glasing som gjev væskelekkasje frå celler i fruktkjøtet. Slike frukter har heller ikkje lagringsevne. Ved glasing kan ein ofte sjå mørkare parti gjennom grunnfargen i skalet.

Helsing

Rune Vereide, NLR Vest